

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
017/18	Plan- og kommunalteknisk utval	PS	24.01.2018
004/18	Formannskapet	PS	07.02.2018
013/18	Heradsstyret	PS	21.02.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Jostein Klette	14/3495

3. gongs handsaming - kommunedelplan for sjø og strandsone

Vedlegg:

- 01_PLANSKILDRING_KDPSS_16012018
- 02_FØRESEGNEN_KDPSS_16012018
- 03_PLANKART
- 04_KONSEKVENSGREIING_KDPSS_16012018
- 05_OVERSIKT MERKNADAR M KOM 12012018
- 06_Oversikt endringar plan_12122017
- 07 VEDLEGG KART BRUVIK
- 08 VEDLEGG KART HAUS
- 09 VEDLEGG KART HAMRE
- 10 VEDLEGG KART HJELLVIK RAKNESVÅGEN
- 11 VEDLEGG KART RAKNES
- 12 VEDLEGG KART LONEVÅG
- 13 VEDLEGG KART HOSANGER
- 14 VEDLEGG KART FOTLANDSVÅG
- 15 VEDLEGG KART TYSSE
- 16 VEDLEGG KART KLEIVELAND
- 17_Teiknforklaring_KDPSS_20170119

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. **Osterøy kommune vedtek Kommunedelplan for sjø og strandsone, PlanID 12532014007, med føresegner (16.01.18), plankart (16.01.18) og planskildring (08.11.17) og tilhøyrande vedlegg i medhald av plan- og bygningslova § 11-15.**
2. **Osterøy kommune opphevar Kommunedelplan for kystsona 1997-2007, PlanID 20010101, i medhald av plan- og bygningslova § 11-17.**

Plan- og kommunalteknisk utval - 017/18

PL - behandling:

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, gjorde slikt framlegg: "Rådmannen sitt framlegg til vedtak vert vedteke, men med følgjande endring: område for naust, brygge og flytebrygge på Olsnes vert teke inn att i planen. Grunngeving: Kommunen og fylkesmannen med fleire har vore på synfaring og synfart feil

område. Bilete i saksframlegg er og frå feil område. Difor er fylkesmannen si motsegn tufta på feil grunnlag."

AVRØYSTING

Alternativ avrøysting

Rådmannen sitt framlegg - 4 røyster (1H,1AP,2KRF)
FRP sitt framlegg - 3 røyster (3FRP)

PL - vedtak:

Innstilling til vedtak:

1. **Osterøy kommune vedtek Kommunedelplan for sjø og strandsone, PlanID 12532014007, med føresegner (16.01.18), plankart (16.01.18) og planskildring (08.11.17) og tilhøyrande vedlegg i medhald av plan- og bygningslova § 11-15.**
2. **Osterøy kommune opphevar Kommunedelplan for kystsona 1997-2007, PlanID 20010101, i medhald av plan- og bygningslova § 11-17.**

Formannskapet - 004/18

FS - behandling:

Sakshandsamar var til stades ved utvalet si handsaming.

Alf Terje Mortensen, FRP, kom med slike framlegg:

1. "Rådmannen sitt framlegg til vedtak vert vedteke, men med følgjande endring: Område for naust, brygge og flytebrygge på Olsnes vert teke inn att i planen. Grunngeving: Kommunen og fylkesmannen med fleire har vore på synfaring og synfart feil område. Bilete i saksframlegg er og frå feil område. Difor er fylkesmannen si motsegn tufta på feil grunnlag."
2. "Grense for funksjonell strandsone i område 44, Hjellvik vert justert i tråd med tidlegare innsendte forslag vist i kart. Grensa må naturleg følge terrenget."
3. "Det vert gjeve løyve til utlegging av flytebrygge med tilhøyrande installasjonar i område 46 på Hjellvik."
4. "Naustområde på Raknes (innom holmen) vert teke inn i planen. Det gjeld område hjå dei fire brødrane Raknes."

Framlegg nr. 2 og nr. 3 vart trekt før avrøysting.

AVRØYSTING

Alternativ avrøysting

Rådmannen sitt framlegg med tillegg nr. 1 og nr. 4, som foreslått av FRP: 1 røyst (1FRP)
Rådmannen sitt framlegg: 8 røyster (2KRF,
2AP, 1MDG, 1H, 1SP, 1V)

FS - vedtak:

Formannskapet si innstilling til heradsstyret:

1. **Osterøy kommune vedtek Kommunedelplan for sjø og strandsone, PlanID 12532014007, med føresegner (16.01.18), plankart (16.01.18) og planskildring (08.11.17) og tilhøyrande vedlegg i medhald av plan- og bygningslova § 11-15.**
2. **Osterøy kommune opphevar Kommunedelplan for kystsona 1997-2007, PlanID 20010101, i medhald av plan- og bygningslova § 11-17.**

Heradsstyret - 013/18

HS - behandling:

Alf T. Mortensen, FRP, gjorde slike framlegg om endring/tillegg: "1. Område for naust og brygge på Raknes vert tatt inn att i planen. Dette gjeldt gbnr 110/13, 117, 116, 78, 92 og 93 Raknes.

2. Gnr 110 BNR 6 Steinaneset vert ikkje lagt ut som friområde, men halde som framleis LNF område i planen.

3. Område vert lagt inn i planen som vist på kart side 172 i konsekvensutgreiing med filnamn: 04_konsekvensutgreiing_kdpss_19012017. Grensa for funksjonell strandsone vil då følge byggegrense som synt i dette kartet.

4. Rådmannen sitt framlegg til vedtak vert vedteke, men med følgjande endring: område for naust, brygge og flytebrygge på Olsnes vert teke inn att i planen.

Grunngjeving: Kommunen og fylkesmannen med fleire har vore på synfaring og synfart feil område. Bilete i saksframlegg er og frå feil område. Difor er fylkesmannen si motsegn tufta på feil grunnlag."

Hildegunn Mo, FRP, bad om vurdering av sin gildskap i saka då sonen har eigarinteresser i høve til området BAB46 og BAB3 Olsnes.

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, bad om vurdering av sin gildskap i saka då sonen har eigarinteresser som i høve til punkt 3 i endringsframlegg.

- dei tok ikkje del i møtet ved avgjerd om gildskap - Svein J. Bernes, FRP og Vibeke Hanstvedt, FRP, møtte som vara - 27 medlemmer/varamedlemmer til stades.

AVRØYSTING gildskap

Hildegunn Mo, FRP, vart samrøystes kjend ugild i høve til punkt nr. 4 i endringsframlegg.

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, vart samrøystes kjend ugild i høve til punkt nr. 3.

Vedtaket vart gjort med heimel i fvl. § 6, 1. ledd, bokstav b .. *En offentlig tjenestemann er ugild til å tilrettelegge grunnlaget for en avgjørelse eller til å treffe avgjørelse i en forvaltnings sak .. når han er i slekt eller svogerskap med en part i opp- eller nedstigende linje eller i sidelinje så nær som søsken; ...*

Ordføraren stadfesta etter spørsmål, at heradsstyret tidlegare har vedteke at området Neset, Bruvik, vert avsett til friområde, jfr. H-sak 004/17.

Ordføraren viste til i rulleringa av arealdelen i kommuneplanen kan ein gjera nye vurderingar i høve til arealdisponering, då dette er ein overordna arealplan.

Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 18.30 - kl. 18.40 med gruppemøte for AP.

Alf Terje Mortensen, FRP, gjorde slikt framlegg: "Saka vert utsett til neste møte."

AVRØYSTING - utsetjing

Utsetjingsframlegget fall med 21 røyster (4KRF,8AP,1V,4H,2SP,2MDG) mot 6 røyster (6FRP)

AVRØYSTING

Framlegg frå FRP, punkt nr. 1 - fall med 21 røyster mot 6 røyster (6FRP)

Framlegg frå FRP, punkt nr. 2 - fall med 21 røyster mot 6 røyster (6FRP)

Framlegg frå FRP, punkt nr. 3 - fall med 21 røyster mot 6 røyster (6FRP)

Framlegg frå FRP, punkt nr. 4 - fall med 21 røyster mot 6 røyster (6 FRP)

Hildegunn Mo, FRP og Ragnar J. Tyssebotn, FRP, kom tilbake til møtet no - Svein J. Bernes, FRP, og Vibeke Hanstvedt, FRP gjekk frå møtet - 27 medlemmer/varamedlemmer til stades

AVRØYSTING endeleg

Formannskapet sitt framlegg - samrøystes vedteke

HS - vedtak:

"1. Osterøy kommune vedtek Kommunedelplan for sjø og strandsone, PlanID 12532014007, med føresegner (16.01.18), plankart (16.01.18) og planskildring (08.11.17) og tilhøyrande vedlegg i medhald av plan- og bygningslova § 11-15.

2. Osterøy kommune opphevar Kommunedelplan for kystsona 1997-2007, PlanID 20010101, i medhald av plan- og bygningslova § 11-17."

Saksopplysningar:

SAMADRAG

Kommunedelplan for sjø og strandsone har vore ute til 3. gongs offentleg ettersyn. Bakgrunnen er at det er gjort mindre endringar i planen etter 2. offentleg ettersyn, hovudsakleg for å endra punkt der det var knytt motsegn til frå fylkeskommune og fylkesmann.

Alle motsegnspunkt er no avklart og endringane ligg inne i planutkastet. Dei mest sentrale endringane er:

- Område for naust og brygge på Raknes er tatt ut av planen.
- Område for naust i nærleiken til Hamre kyrkje er redusert til å omfatte kun eksisterande naust.
- Område for naust, brygge og flytebrygge på Olsnes er tatt ut av planen.
- Akvakulturområde Viknabukta er litt utvida mot sør, aust og vest.
- Det er sett krav til utvida kunnskapsgrunnlag før det kan starte opp arbeid med N8 - landbasert akvakultur i Kårvika.

Sjå saksutgreiing for utfyllande liste over endringane.

Planframlegget tek omsyn til dei viktige interessene i strandsona samstundes som det vert opna for tiltak der dei negative konsekvensane er små. Planen balanserar difor bruk og vern av strandsona på ein god måte. Det er lagt opp til ei forvaltning av sjøareala med utviding av akvakulturlokalitetar der dei miljømessige tilhøva ligg til rette for det, medan det er sett rammer for miljøpåverknad i område som syner ein negativ miljøutvikling.

Saksopplysningar:

3. offentleg ettersyn

Etter 2. gongs offentleg ettersyn var det fleire merknader og motsegn knytt til planen. For å oppnå semje med fylkesmann og fylkeskommune er det gjort endringar i planen. Endringane vart diskutert i politiske styringsgruppa 22. november 2017. For å sikre ei formell avklaring vart planen sendt på ei avgrensa 3. gongs offentleg ettersyn i perioden 13. desember til 12. januar 2018.

Endringar i planen til 3. gongs offentleg ettersyn

På bakgrunn av merknader etter 2. gongs offentleg ettersyn er det gjort nokre endringar i planen til 3. gongs handsaming. Endringane er vist i detalj i vedlegg 05.

Endring i plankart:

1. Omsynssooner rundt kyrkjene er oppdatert i henhold til riksantikvaren sin offisielle database, jf. motsegn frå fylkeskommunen.
2. Område BAB43 og 44 - Raknes. Område for naust og brygge er tatt ut, jf. motsegn frå fylkesmannen.
3. Område BAB9 og 10 - Hamre. Naustområde redusert til å omfatte eksisterande naust, jf. fylkeskommunen si motsegn. Resterade areal er sett av til friområde.
4. Område BAB46 og 3 - Olsnes. Område for naust, brygge og flytebrygge tatt ut jf. motsegn frå fylkesmannen.
5. Område VA4/Viknabukta. Område VA4 i Viknabukta er utvida jf. innspel frå Sjøtroll Lerøy.

Det er ingen konsesjon på denne lokaliteten i dag og det er knytt krav til miljøkvalitet til lokaliteten.

Endring i føresegner:

6. Område N8 - Kårvika. Føresegn § 1.21 er endra til ordlyden: «Før det kan gjevast varsel om oppstart av planarbeidet i ei detaljregulering i område N8 – Kårvika, skal det ligga føre detaljert utgreiing av forureiningstilhøva og moglege verknader, jf. forureiningsforskrifta kap. 2. I tillegg skal det greiast ut moglege verknader når det gjeld lys, støy, lukt og andre relevante tema knytt til forureining. Det skal òg ligge føre ei utgreiing av tilhøva for naturmangfald og verknader for denne ved etablering av landbasert akvakultur i influensområdet. Informasjon om verknadar som kjem fram her skal vektleggast i vurdering om det skal kunne gjevast ei positivt svar på melding om oppstart. Intensjonen er at det på eit så tidleg stadium som mogleg skal ligge føre naudsynt kunnskapsgrunnlag for å ta stilling til om det skal kunne startast opp arbeid med detaljplan (PBL §§ 11-9, nr. 4 . 11-9, nr. 8).

Endringa er påbakgrunn av motsegn frå fylkesmannen.

7. Generelt om naust § 2.53 og 5.16 « Naust skal vera i ein etasje og ha maksimal mønehøgde på 5 m over ferdig planert gulvhøgde». Endringa kjem etter merknad frå fylkesmanne om fastsetting av gulvhøgde knytt til mønehøgde.
8. Område BAB45 - Hamre. Føresegn § 2.60: «Det kan i område BAB45 totalt oppførast inntil 3 naust. Det er ikkje tillatt å etablere veg ned til naustområdet. Det skal ikkje fyllast i sjø ut over eksisterande fylling». Er sett in krav til tal naust og utføring, jf. motsegn frå fylkesmannen.
9. Område LSN01 - Klyvikje. Endra føresegn § 5.19: «Gardstilknytt næring. I område LSN_01 LNF-spreidd næring Klyvikje kan det førast opp 2 opne uthus, med maksimum grunnflate på 24 m2 og maksimum høgde på 3,5 m, minimum 5 m frå strandsona». Grunnflate er auka frå 20 m2 til 24 m2 etter innspel frå grunneigar.
10. Akvakultur. Føresegn § 6.9: «For eksisterande lokalitetar er det krav om reguleringsplan ved vesentlege endringa. Med vesentleg endringar meinast større utviding av anlegg, skifte av type anlegg og liknande (PBL § 11-9, nr. 4)». Krav om reguleringsplan gjeld ved vesentleg endring på eksisterande lokalitetar, jf. merknad frå fylkeskommunen.
11. Område VA1, 2 og 3 - Blom og Skaftå. Føresegn § 6.10: «For område Skaftå (VA 1og 2), Blom (VA3), Viknabukta (VA4) og Øyjordsvika (VA7) skal det vera minimalt til ingen utslepp av organiske partiklar til resipienten. For lokalitet Blom (lokalitetsnr. VA3) og Skaftå (VA1 og 2) gjeld berre kravet til minimalt utslepp av organiske partiklar ved vesentleg endring av eksisterande anlegg (PBL § 11-9, nr.6)». Føresegna er justert etter vilkår sett av fylkeskommunen.
12. Område BAB9 og 10 - Hamre. Føresegn § 1.2 er endra slik at område BAB9 og 10 ikkje er omfatta av plankrav. Dette fordi området er redusert til å omfatte eksisterande naust og at det difor ikkje bør vera trong for plankrav her.

Innkomne merknader

Alle innkomne merknader er summert i vedlegg 5.

2. offentlig ettersyn

Kommunedelplanen låg ute til 2. offentlig ettersyn frå 11. april til 2. juni 2017. Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune fekk utsett frist til og med 20. september. Bakgrunnen for utsetjinga var at fylkeskommunen ynskte å kome på synfaring og ha møte med kommunen 13. september. Det har i tillegg vore avholdt møte med fylkesmannen 18. august der rådmann, prosjektleiar, plansjef, ordførar og leiar i planutvalet var med.

Motsegn

Det vart fremja motsegn frå fylkesmannen og fylkeskommunen.

Motsegn frå fylkeskommunen

Det var knytt motsegn til følgjande punkt:

- Etablering av naustområde på Hamre i omsynssone kulturmiljø for kyrkja
- Avgrensing av omsynssona for mellomalderkyrkjestadane Hosanger, Hamre, Haus og Bruvik er ikkje korrekt og må oppdaterast

Motsegn frå fylkesmannen i Hordaland

Det var knytt motsegn til følgjande punkt:

- Naust og bryggeområde på Raknes - BAB43/44
- Naustområde Hamre - BAB45
- Naust og flytebrygge Olsnes - BAB46 og BAB3
- Landbasert akvakultur Kårvika - N8

Bakgrunn

Planprogrammet vart vedteke av Heradsstyret 17.06.15. Planprogrammet set rammene for planarbeidet. I samband med vedtak av planprogrammet vedtok Heradsstyret vurderingskriteria. Planprogrammet og vurderingskriteria er dei lokale føringane som ligg til grunn for utarbeiding av planen og for vurdering av innspel og arealendringar.

VURDERINGSKRITERIE OG MÅLSETNING FOR ARBEIDET MED KOMMUNEDELPLAN FOR SJØ OG STRANDSONE

1. I nye og eksisterande byggeområde skal det vera korridorar mot sjø slik at ålmenta har tilgang til strandsona.
2. Det skal ikkje opnast for ny utbygging i strandsona med store verdiar. Store verdiar er definert som dei verdiane som vert gitt særskilt vekt gjennom den funksjonelle strandsonkartlegginga, utgreiingsarbeid av friluftsliv, kulturminne og næring, og barnetråkkregistreringar.
3. I naustmiljø bør det etablerast fellesløysingar for bryggjer.
4. I områdesentra skal det vera ein strengare praksis på kva som er tillate enn det er i område med mindre byggepress.
5. Det er eit mål å sikre tilstrekkeleg båtplassar i kommunen. Ein bør organisere og lokalisere småbåthamner og gjestehamner på ein tenleg måte som tek omsyn til bruk på land og i sjø. Aktuelle problemstillingar kan vere naturverdiar, friluftsiinteresser, rekreasjonsområde, tettstadutvikling og trafikkavløysing. Nye småbåthamner og gjestehamner skal ikkje byggje ned verdifulle strandsonareal.
6. Nye bustad eller fritidsbustadområde skal ikkje etablerast innan funksjonell strandsona.
7. Innspel skal vere i samsvar med føringane i «Rammeplan for avkøyrslar og byggegrenser på riks- og fylkesveggar i Region vest» (2013 – 2016).
8. Havnivåstigning må takast omsyn til i vurdering av nye byggeområde langs sjø.
9. Nye næringsareal i strandsona skal i hovudsak vere til sjørelaterte næring. Sjørelaterte næringer er definert som næringer med konkrete behov for tilgang til sjø.
10. Nye kaianlegg skal vurderast i høve til behov, omland, sambruk og fysiske forhold knytt til strandsona, sjø og sjøbotnen.
11. Utbygging av nye næringsareal skal i hovudsak lokaliserast til område som er bebygd frå før, men det skal takast omsyn til barnetråkkregistreringar, friluftsiinteresser, trafikkavvikling, eksisterande infrastruktur og uheldig samlokalisering.

Kartlegging av strandsona

Ei god forvaltning av strandsona må byggje på kunnskap om kva verdiar som ligg her. Det er difor gjennomført ei kartlegging av verdiane i strandsona, som omfattar mellom anna friluftsliv, landskap, naturmangfald og kulturminne. På bakgrunn av kartlegginga har ein gjort ei vurdering av kva som er reell strandsona, også kalla funksjonell strandsona. Dette dannar grunnlag for fastsetting av justert byggegrense mot sjø som skal erstatte 100 meters beltet. 100meters beltet er ei byggeforbodssone i

strandsona som gjeld alle område som grensar til sjø der anna byggegrense ikkje er sett (jf. plan- og bygningsloven (PBL) §1-8). Ny byggjegrænse er berre vurdert i område avsett som eksisterande eller framtidig byggeområde (føremål i plankartet). I område som ligg med føremål LNF i kommune(del)planen er det som hovudregel ikkje gjort endringar i høve til gjeldande arealplan. I desse områda er 100m byggegrense vidareført.

Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarvurdering av nye areal

Konsekvensar av arealendring og risiko og sårbaranalyse er utført for alle arealendringane som er vurdert, jf. vedlegg. I konsekvensutgreiinga er det vurdert til saman 88 arealendringar. På bakgrunn av desse vurderingane er innspel til arealendring tilrådd eller ikkje-tilrådd. Innspel som er tilrådd er lagt inn i plankartet, sjå vedlegg 06.

Vurdering etter Naturmangfaldlova

Alle innspel er vurdert etter naturmangfaldlova. Ved 2. gongs framlegg til plan er vurderinga innarbeida som del av konsekvensutgreiinga. Dette for å få til ei samla vurdering av konsekvensar av å opne for tiltak i ein situasjon eller eit område. Sjå også «*Rådmannen si vurdering*» i saksframlegget og kapittel 4.2 om Naturmangfald i planskildringa.

Gjennomgang av arealendringar

Det er vurdert 82 arealendringar i strandsona og 6 endringar av areal i sjø. Av desse er 55 heilt eller delvis tilrådd. I tillegg er det komen inn mange merknader som ikkje er tilknytt arealinnspel.

Arealendringane som er vurdert er komen inn som

- 1) Innspel under høyringsperioden
- 2) Innspel frå kommunen og
- 3) Område som det har vore vedtatt skal avklarast i sjø- og strandsonenplanen.

Punkt 3) er tatt inn og vurdert på bakgrunn av vedtak ved handsaming av saker i formannskapet eller plan- og kommunalteknisk utval som til dømes «omsøkte tiltak skal handsamast i rullering av kommuneplan» eller «utsett i påvente av kommuneplan». Dei sakene som inngår i planområdet har ein vurdert etter same kriteria som andre innspel.

Bustad, fritidsbustad og sentrumsføremål

Planprogrammet har stadfesta at det ikkje skal opnast for nye bustadar eller fritidsbustadar. Det er i

utgangspunktet ikkje opna for nye bustadområder.

Det er gjort eit par unntak for områder der det er eksisterande bustadtomt og det ikkje er vurdert nye tiltak. I Fotlandsvåg er det gjort ei endring av arealføremål frå «næring» til «sentrum».

På Raknes er det vurdert eit område for bustad. Dette fordi formannskapet i 2011 har fatta vedtak om at det skal vurderast som bustadområde i ein overordna plan. Ut frå føringane i planprogrammet og etter ei konkret vurdering er tiltaket ikkje tilrådd.

Naust

Det er kome innspel om 28 naustområder til kommunedelplanen. Av desse er 13 heilt eller delvis teke inn i planen. Alle innspel som er tilrådd er knytt til område med eksisterande naust, og ligg inne som ei utviding eller fortetting.

Det er lagt opp til ei høg utnytting av område for naust, der det i enkelte områder er sett krav om fellesanlegg med mindre bodar og småbåtanlegg utanfor. Dette for å sikre at areal avsett til utbygging i strandsona vert nytta slik at flest mogleg kan få tilgong til lager- og båtplass på desse områda.

For å unngå bruk av naust som fritidsbustad eller anna som vil føre til auka privatisering av strandsona er det sett klare føresegner som syner kva som er tillate i naust. Dette inneber at det er lov til å leggja inn vatn i naust men ikkje lov til å setje inn toalett eller dusj. Det er sett føringar for størrelse på naust på inntil 40 m² og inntil mønehøgde på 5 m. Dette vil sikre at bygningane vert nytta til føremålet. Det er sett krav om reguleringsplan for tiltak i dei fleste naustområder. I område for naust ved Hosanger kyrkje (BAB30) er det sett krav til utforming og at nauststørrelse skal vera lik eksisterande naust.

Småbåthamner

I kommunen ligg det i dag 9 større småbåthamner. Desse er lagt inn i planen med korrekt føremål og med moglegheit for mindre utviding. Det er krav om reguleringsplan for utviding med unntak for plan for utviding av inntil 10 båtplasser.

Det er vurdert fire alternative lokaliseringar for småbåthamn i Fotlandsvåg. Dette er på bakgrunn av at eksisterande småbåthavn må flyttast grunna utviding av næringsområdet «Holmane» i pågåande detaljregulering. Kommunen går her inn for allt.1 som ligg innerst i vågen.

Næring

Jamfør vurderingskriteria nr 9 og nr 11 fastsett av Heradstyret (HS-sak 027/15) skal «nye næringsareal i strandsona i hovudsak vere til sjørelaterte næring. Sjørelaterte næringar er definert

som næringar med konkrete behov for tilgang til sjø" og «utbygging av nye næringsareal skal i hovudsak lokalisert til område som er bebygd frå før, men det skal takast omsyn til barnetråkkregistreringar, friluftsiinteresser, trafikkavvikling, eksisterande infrastruktur og uheldig samlokalisering».

Det er kome inn sju innspel om næringsareal. Fire av areala er tilrådd.

Det er også kome inn innspel om campingplass på Bernes. Ein har valt å utsette vurderinga om lokalisering av campingplass i området til rullering av kommuneplanen sin arealdel. Planområdet til sjø- og strandsoneplanen er avgrensa og det vil ikkje være mogleg å kunne avklare alternative lokaliseringar og løysingar for infrastruktur i området. Strategiske vurderingar av behov for lokalisering og moglegheiter for utvikling av camping og andre typar overnattingsløysingar er best ivareteke sett samla for heile kommunen ved rullering av kommunenplanen sin arealdel.

I Kårvika er det kome inn innspel om utviding av industriområde og etablering av landbasert oppdrett. Det er lagt inn føringar i føresegnene som viser til at dersom de skal vurderast landbasert oppdrett så må det gjerast utgreiingar av tilhøve knytt til naturmangfald og forureining.

I Klyvikje er det kome innspel om å etablere ein form for gardstilnytt næring. Eigar av gardsbruket ynskjer å leggja til rette for enkel reiselivsverksemd. Målet er å tilby skuleklassar og andre mindre grupper servering og ulike aktivitetar knytt til garden og friluftsliv. Det er difor ynskje om å etablere grindabygg og brygge som skal vera ein del av dette. I framlegg til plan er det foreslått teke inn eit område som LNF-spreidd næring slik at det kan leggast til rette for gardstilnytt næring.

Grøntområder og LNF

Det er lagt inn 13 nye områder som friområde eller friluftsområder. Det er i dag 13 områder i gjeldane kommune- og reguleringsplanar avsett til friområde eller friluftsområde. Det er i føresegna opna for tilrettelegging for allmenn bruk ved etablering av gangvegar, toalett, sitjegrupper og liknande.

Akvakultur

Det er i dag 17 område for akvakultur i sjø i kommuneplanen og 6 av desse har konsesjon til å drive oppdrett. Sørfjorden er ein av dei mest intense område for oppdrett i Hordaland. Vassutskiftinga i fjordsystemet er dårleg grunna mange tersklar mellom Osterfjorden og kysten. Særskild gjeld dette Sørfjorden innanfor Votlo.

Undersøkingar syner at miljøtilstanden i Sørfjorden har hatt ei negativ utvikling. Både under anlegga og på punkt ute i fjorden er det påvist ei negativ utvikling. Noko av årsaken er utslepp av organiske partiklar frå anlegga som sedimentera på botn. Tilstanden lenger ute i Osterfjorden syner ikkje ein like markert negativ trend. Næringa har etter pålegg frå regionale styresmakter sett i verk tiltak for å redusere utslepp av organiske partiklar samt eit overvåkingsprogram for å sjå på endringar over fleire år. Eit av tiltaka er å kunne bytte ut stålanlegg nytta i dag til store plastringar.

Endringane for dei ulike anlegga er kort gjennomgått under:

Tepstad

Arealet vert flytta lenger ut frå land og redusert frå 275 daa til 235 daa. Det vert i tillegg lagt ut eit større areal for fortøyning. Bakgrunnen for flytting av området er at driftar av anlegget ynskjer å slå saman to konsesjonar og leggja dei inn i dette arealet. Det er i framlegg til plan lagt til rette for dette men areal er trekt lenger ut frå land for å redusere konflikt med interesser i strandsona.

Angelskår

Arealet vert flytta lenger ut frå land og auka frå 135 daa til 260 daa. Det vert i tillegg lagt ut eit større areal for fortøyning. Bakgrunnen for flytting av området er at driftar av anlegget ynskjer å slå saman to konsesjonar og leggja dei inn i dette arealet. Det er i framlegg til plan lagt til rette for dette men areal er trekt lenger ut frå land for å redusere konflikt med interesser i strandsona.

Litletveitholane

Område for avkalkultur vert tilpassa til eksisterande anlegg. Det er i uttalen frå fylkeskommunen knytt motsegn til avgrensing av areal for avkalkultur på Litletveitholane og til at område for fortøyning ikkje er lagt inn i plankartet med høveleg føremål. Området for fortøyning går langt inn i område avsett til «Fiske – Trålområde». Det er i framlegg til plan gjort ei justering av arealføremål for å imøtekomme fylkeskommunen på dette punktet.

Blom

I fyrste utkastet til plan var areal for framtidig utvikling av lokaliteten Blom teken ut. Dette var eit motsegnpunkt frå fylkeskommunen. I framlegg til plan har ein difor valt å ta inn att avkalkulturareal på Blom omtrent som det ligg i gjeldande plan. Det er i planframlegget sett miljøkrav til nye tiltak på Blom. Det er også sett føresegn som skal sikre omsyn til landskapet rundt Havråtunet dersom det skal gjerast endringar på lokaliteten.

Skaftå

Dagens areal på 135 daa vert tatt ut av plan og erstatta av eit stort areal på 290 daa lenger ut frå land. Det nye arealet er delt i to, der VA1 er planlagt erstatningsareal for dagen anlegg på Skaftå og del VA2 er planlagt erstatningsareal for anlegget Blom. Det er fastsett i føresegnene at VA2 ikkje kan nyttast før drifta på Blom er avvikla. Det er i planframlegget sett krav om miljøkvalitet for dette arealet.

Viknabukta

Området er trekt ut frå strandsona for at det ikkje skal vera konflikt med ferdsel her. Det er gjort ei mindre utviding av ormdet utover i fjorden. Det er ingen konsesjon på lokaliteten og det er knytt

krav til miljøkvalitet her.

Miljøkrav til framtidig akvakultur

Miljøtilstanden under og rundt anlegga på Skaftå og Blom er dårleg, jf. diskusjon under kapt. 4.5 i planskildringa. Den dårlege miljøtilstanden skuldast i hovudsak utslepp av organiske partiklar til resipienten, som sedimenterer på botn. Framtidig drift må oppretthalde eit godt miljø i fjorden. Det er lagt inn miljøkrav i føresegnene til akvakulturreal på Skaftå, Blom, Viknabukta, Øyjordsvika og Heldal som skal sikre ein betre miljøtilstand i framtidig drift, gjennom å ha minimalt utslepp av organiske partiklar:

§6.10 «For område Skaftå (VA 1 og 2), Blom (VA3), Viknabukta (VA4) og Øyjordsvika (VA7) skal det vera minimalt til ingen utslepp av organiske partiklar til resipienten. For lokalitet Blom (lokalitetsnr. VA3) og Skaftå (VA1 og 2) gjeld berre kravet til minimalt utslepp av organiske partiklar ved vesentleg endring av eksisterande anlegg (PBL § 11-9, nr.6).

Bakgrunnen for miljøkravet er eit ynskje om å leggja til rette for ein berekraftig vekst i oppdrettsnæringa. I eit område med store miljøutfordringar så kan dette kun gjerast dersom ein sikrar ein mindre negativ miljøpåverknad. Kommunen set difor ei overordna ramme for å ivareta miljøomsyn.

Omsynssone Sjørfjorden

Det er i framlegg til plan lagt inn ei omsynssone med retningslinje om at alle tiltak skal ta særskild omsyn til naturmiljøet i resipienten (fjorden), jf§ 7.5 Sone H560_72 Sjørfjorden. Retningslinja er ikkje juridisk bindane men gjer føringar for korleis ein skal handsame saker som kan påverka miljøet i Sjørfjorden.

Plankrav

Krav til reguleringsplan er endra frå fyrste gongs planutkast. Det er no opna for å gjera mindre endringar på eksisterande anlegg utan krav om reguleringsplan, jf motsegn ved uttale frå fylkeskommunen.

Rådmannen si vurdering

Planframlegget tilrår 55 arealendringar i planen. Alle områder er nært eller direkte knytt til eksisterande infrastruktur og eksisterande bygningsmasse. I tillegg er det fleire arealendringar i plankartet som er stadfesting av eksisterande bruk. For å sikre fri ferdsel i strandsona er det spesifisert at det ikkje er lov til å setje opp fysiske stengsel eller andre tiltak som kan hindre ferdsel.

Planframlegget sikrar nye areal til friluftsliv og opnar for 13 nye friområde og friluftsområde. Samstundes vert det opna for nedbygging av strandsone gjennom meir areal avsett til byggjeområde. Styring av arealbruken gjennom føresegner og lokalisering i område med infrastruktur og eksisterande bygg gjer at dei negative verknadane vert små.

Fastsetting av ny byggjegrænse på bakgrunn av gjennomført strandsonekartlegging gjer ei hensiktsmessig lokal tilpassing. Verdiane i strandsona er ivaretatte samstundes som nedbygde områder og områder utan verdier for ålmenta kan utviklast til ny bruk.

Akvakultur

Akvakultur har blitt eit stort tema i denne planprosessen, mykje meir omfattande og viktig enn ein såg for seg ved oppstart av planarbeidet.

Det er i framlegg til plan sett av store areal som legg til rette for ei berekraftig utvikling i tråd med kommunen sin intensjon om å leggja til rette for vekst for akvakulturnæringa.

På bakgrunn av ein resipient som er sårbar for negativ påverknad og intensiv drift i fjordane rundt Osterøy er det sett miljøkrav til VA1 – 4, VA7 og VA9 om at det skal vera minimalt med utslepp av organiske partiklar til sjø, jf §6.10. På bakgrunn av kunnskapen ein har fått om miljøtilstanden i Sørfjorden har ein også lagt inn omsynsone på området frå fjordterksel ved Garnes – Votlo til kommunegrensa innafor Bruvik med tilhøyrande retningslinje for særleg miljøomsyn til alle tiltak i dette området, jf § 7.5 sone H560_72 Sørfjorden.

Miljøkrav på akvakulturlokalitetane på Skaftå og Blom vil føre til ein betra miljøtilstand i indre delar av Sørfjorden. Ein konsekvens av miljøkrav kan vera at ein avviklar drifta av lokalitetane Blom og Skaftå, og at kommunen gjennom dette mister verdiskaping og arbeidsplassar. Vekting mellom verdiskaping, vekst og miljø er utfordrande. Samstundes vurderer rådmannen at kommunen har eit ansvar for å ivareta miljøtilstanden i Sørfjorden. Miljøkrav saman med eit raust avsett areal kan vere med på å sikre ei berekraftig vekst og ein god miljøkvalitet i fjorden.

Avslutta drift på lokaliteten Vikne (mellombels konsesjonsløyve er utgått og ikkje fornya grunna dårleg miljøtilstand på lokaliteten) vil føre til mindre utslepp til fjordsystemet. Tiltak som vert gjennomført av Lerøy/Sjøtroll AS for å redusera utslepp av organiske partiklar kan òg medføre ei betring av miljøtilhøva. Dette er vurdert opp mot dei moglege negative konsekvensane miljøkrav til lokaliteten på Skaftå kan medføre.

Det er rådmannen si vurdering at indre delar av Sørfjorden er sårbar og at framtidig arealbruk må vera berekraftig og ivareta naturmiljøet. Nytt areal for lokalitet Skaftå (VA1) er utvida og det er sett rekkefølgekrav om at del 2 (VA2) av arealet ikkje kan nyttast før drifta på Blom er avvikla. Jamfør føresegner til miljøkrav er dette miljømessig forsvarleg.

I framlegg til plan er det sett av eit generøst areal til utvikling også i dette området som kan gjere det meir attraktivt å investere. På denne måten er det lagt til rette for ei ønska utvikling i næringa som

det har vore brei politisk semje om i Osterøy kommune.

Planen legg opp til store strukturelle endringar for næringa, nokre endringar næringa sjølv har etterspurt og nokre endringar kommunen foreslår. Ein del mindre areal er teke ut av framlegg til plan då er vurdert som lite tenelege for framtidig utvikling. Næringsaktørane har også gitt uttrykk for at dei ynskjer ei slik endring for ei hensiktsmessig omstrukturering av drift. Etter vurderingar har ein valt å leggja dei store areala lenger ut i fjorden enn det som er innspelt inn frå aktørane ettersom ein har motteke merknadar som uttrykker seg negativt til at det ligg akvakultur tett på strandsona. Færre men større lokalitetar i fjorden legg beslag på meir areal for kvart enkelt område. Ein har likevel vurdert at mange mindre areal tett på strandsona har større negative verknadar enn få og store areal lenger frå land.

Vurdering av verknad for naturmangfald

Det er ikkje opna for tiltak i områder med registrerte naturtypar. Arealendringar som kan kome i konflikt med område som kan ha verdi for naturmangfald er justert eller tekne ut. Føreslegne endringar for akvakultur vil sikre mindre utslepp lokalt av organiske partiklar. Dette vil bidra til ein betre miljøtilstand i og rundt anlegga. Dette vil ha ein positiv effekt på naturmangfald i høve til dagens situasjon. I tillegg vil færre areal for akvakultur og miljøkrav til anlegg i Sørfjorden føre til at smittepresset av lakselus frå oppdrettsfisk til villfisk vert mindre. Den samla effekten på naturmangfald vert vurdert til å vera liten slik planframlegget ligg no.

I konsekvensutgreiinga er kunnskapsgrunnlaget vurdert og det er gjort ei vurdering av kva verknadar arealendringa vil ha for naturmangfald. Krava til handsaming etter naturmangfaldslova §8-12 er soleis oppfylt.

Vurdering av verknad for kulturminne

Vurderinga av kulturminne er i dette planarbeidet i hovudsak basert på eksisterande SEFRAK-register, lokal kunnskap og oversikt over verna eller sikra kulturminne i kommunen. Det er ikkje planlagd større byggjeprojekt som kjem i direkte konflikt med viktige kulturminner.

Det er tatt inn føremål for naust innan område for omsynssone ved kyrkja i Hosanger. Det er eksisterande naustområde med 4 naust her og det er gjeve løyve gjennom dispensasjon til ytterlegare eit naust til. Det er sett krav til utforming av nytt naust på avsett areal (BAB30), jf § 2.59. Planframlegget er på denne måten ikkje i konflikt med kulturminnemiljøet rundt kyrja.

Området som var sett av til framtidig grav og urnelund som fylkeskommunen hadde motsegn til er tatt ut av planen og erstatta med park-areal (GP1).

Det er lagt inn fleire område med naust i område der det ligg SEFRAK-registrerte bygg. I tillegg er det gjeve løyve til opprusting og vedlikehald av den gamle dampskipskaien på Kleiveland. Dette er tiltak som potensielt kan føre til negativ verknad for kulturminne. Det er lagt inn føresegner som seier at det skal visast særskild omsyn ved etablering av tiltak i desse områda. Det er lagt inn 21 omsynssoner for bevaring kulturmiljø og 14 omsynssoner for bandlegging etter lov om kulturminner i planen. Det

er Rådmannen si vurdering at omsyna til kulturminne er godt ivareteke i planen.

Samfunnstryggleik

Klimaendringar vil sannsynlegvis medføre større nedbørsintensitet og auke i havnivå, og som følgje av dette fleire uønska hendingar knytt til klima. Planen har sett omsynssoner rundt alle vassdrag for å kunne ivareta flaumrisiko og det er krav til at alle tiltak som ligg i aktsemdssone skred skal vurderast av ein fagkunnig. Venta havnivåstigning i tillegg til spring- og stormflo er estimert til 222 cm i 2100. I tillegg vil bølgepåverknad gje lokale forskjellar. Det er sett krav om minimum golvnivå på kote +3 for rom som skal nyttast til opphald eller bustad. Nye tiltak er vurdert i høve til risiko- og sårbaranalyser (ROS) og ein vurderer at nye tiltak ikkje endrar risikobiletet.

Born og unge

Planen sikrar born og unge sine interesser gjennom å leggja til rette for tilgong til sjø og strandsone ved å ikkje opne for privatiserande tiltak gjennom bustad og hytter. Det er gjort kartlegging av friluftsområder og strandsone slik at vurderingar er gjort på ei kunnskapsgrunnlag. I dag så har dei fleste bygdene god tilgong til sjø gjennom at det er sett av friområder i alle bygder. Dei største utfordringane for tilgong til sjø er i dag knytt til Valestrand og Lonevåg. Her er det eit fokus på å sikre dei områda som ikkje er bygd ned.

Folkehelse

Rådmannen vurderer at rekreasjon, friluftsliv og tilgang til sjø og strandsone er godt ivareteke i framlegg til plan. Dette er viktige grep og god arealforvaltning som kan bidra til ei positivt utvikling av folkehelsa.

Konklusjon

Planframlegget tek omsyn til dei viktige interessene i strandsona samstundes som det vert opna for tiltak der dei negative konsekvensane er små. Planen balanserar difor bruk og vern av strandsona på ein god måte. Det er lagt opp til ei forvaltning av sjøareala med utviding av akvakulturlokalitetar der dei miljømessige tilhøva ligg til rette for det, medan det er sett rammer for miljøpåverknad i område som syner ein negativ miljøutvikling. Det er rådmannen si vurdering at dette sikrar moglegheit og gode rammer for berekraftig vekst for akvakulturnæringa i kommunen sitt sjøareal.

Rådmannen tilrår på bakgrunn av saksutgreiing og vurdering å vedat planframlegget.